

SAK 75/24 DELTAKING I FORPROSJEKTET: «KVA SKAL TIL FOR AT POLITIKARAR SKAL VERA BETRE RUSTA TIL Å TA AVGJERDER I ARELSAKER»

Saksopplysning:

Buskerud Bonde- og Småbrukarlag inviterer alle kommunestyrerepresentane i Hallingdal og Numedal til å delta på kommunevise halv dags workshopar i løpet av våren 2025. Målet er todelt: Politikerane får fagleg påfyll rundt beslutningar i arealsaker og prosjektgruppa (sjå avsnitt tre) skal finne ut kva politikarane har behov for i ei grundigare opplæring som skal bli utarbeidd som eit resultat av workshopane i dei ni kommunane.

Kommunane skal få høve til å påverke opplegget både frå politisk hald og frå teknisk leiarforum. Det er lagt opp til at det skal vera eit nettmøte i forkant av workshopen. Dei fyrste forslaga frå prosjektgruppa inneber innlegg frå meritterte forskarar samt utprøving av reooler, der politikarane får prøve ulike roller som eksempelvis utbyggjar, reiselivsaktør, grunneigar, beitebrukar, jeger og innbyggjar. Ambisjonen til prosjektet er å ikkje vera belærande, men vera ein arena for å kjenne på å vera i andre roller enn dei ein inntek til vanleg.

Det er Buskerud Bonde- og Småbrukarlag som har fått midlar til forprosjektet. Dei har forskarane Vegard Gundersen frå NINA og Hanne Sickel frå NIBIO med i prosjektgruppa som både utarbeidar opplegget og truleg vil delta på workshopane. Prosjektleiara er Marit T. Nerol frå Hol og Embrik Rudningen frå Gol.

Prosjektet kom i gang etter at dei same aktørane arrangerte eit folkemøte i Ål kulturhus 23.11.2023 med tittelen «Bør grunneigarar og politikarar prioritere, natur, matproduksjon eller utbygging?». Kring 200 møtte opp og fekk sjå faglege innlegg frå eksempelvis landbruk, reiseliv, forskning og jus, samt ei panelsamtale. Arrangørane opplevde fleire tilbakemeldingar frå politikarar om at det var svært nyttig for deira verv å få dei ulike perspektiva – tilbakemeldingar som var startskotet for dette prosjektet.

Prosjekteigar Buskerud Bonde- og småbrukarlag syter for full finansiering av prosjektet inkludert utarbeiding av rapportar og råd for vidare arbeid. Kommunane er berre bedne om å stille med politikarane si tid, som vil gå inn i eigeninnsatsen til prosjektet.

Deltaking i forprosjektet er særleg i tråd med punkt 11.1.5 i handlingsplanen til Klimaplan for Hallingdal: «Delta i prosjekter og initiativer som gir tilgang til ressurser og ekspertise» Vidare vil deltaking i forprosjektet innfri mange av dei foreslåtte tiltaka under kapittel 8, Bærekraftig arealforvaltning.

Ønske frå prosjektgruppa er at:

1. Den enkelte kommune ved ordførar foreslår ein kontaktperson, gjerne seg sjølv, for å stille til kort nettmøte med prosjektleiarane for å fortelje om kva opplæring i arealsaker politikarane har fått hittil.
2. Den enkelte kommune ved ordførar inviterer kommunestyrerepresentane og medlemmane i kommunen sitt utval for arealsaker til halv dags workshop etter nermare avtale med prosjektleiinga.

Vurdering:

Det er prisverdig at Bonde- og småbrukarlaget har tatt dette initiativet, og det er ikkje tvil om at det er bra for alle politikarar å få fagleg påfyll rundt beslutningar i arealsaker. Likevel er det mange område innanfor kommunal forvaltning der det hadde vore ynskjeleg med meir påfyll. Korleis kommunane ser på dette korleis dei prioriterer og kva kompetansebehov den enkelte kommune har, må kommunane sjølv ta stilling til.

Forslag til vedtak:

Regionrådet rår kvar kommunane til å svare på invitasjonen frå Buskerud Bonde- og Småbrukarlag.

Hallingdal, 21. november 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar